

**Eg elsker deg,
du er heilt perfekt,
men burde du
ikkje...**



Foto: Mimsy Møller
Bildet er tatt i prøveperioden

Programredaksjonen:
Jostein Kirkeby-Garstad, Mari Moen,
Maia Strand og Ida Michaelsen
Ansvarlig utgjevar: Erik Ulfsby

Grafisk formgjeving:
www.bardusdesign.no
Trykk: www.paperwork.no

Manus og songtekstar

Joe DiPietro

Musikk

Jimmy Roberts

Presentert etter avtale med Josef Weinberger Limited
på vegner av R & H Theatricals of New York

Omsetjar Ola E. Bø**Kvinne I** Heidi Gjermundsen Broch**Mann I** Teodor Janson**Kvinne II** Heidi Ruud Ellingsen**Mann II** Jon Bleiklie Devik**Regissør/koreograf:**

Jostein Kirkeby-Garstad

Scenograf/kostymedesignar:

Mia Runningen

Musikkansvarleg:

Svenn Erik Kristoffersen

Musikalsk innstudering:

Ståle Sletner

Lysdesignar:

Øyvind Wangenstein

Dramaturg: Mari Moen**Musikarar:**

Ståle Sletner, piano

Ole-Marius Melhuus, bass

Silje Haugan, fiolin

Inspisient: Erlend Stamnes**Lyd:** Christopher Woxholtt**Maskør:** Nina Bloch**Sufflør:** Gry Hege Espenes**Rekvisitør:** Henriette Jevnaker**Scenekoordinatorar:** Hege Aker
Iversen og Ingunn Vegger**Kostymeordinator:**

Kirsten Høydahl

I Love You, You're Perfect, Now Change blei første gong produsert i New York av James Hammerstein, Bernie Kukoff og Jonathan Pollard med regi av Joel Bishoff og produsert av American Stage Company; James N. Vagias, ansvarleg produsent.

Premiere 18. mars 2011 på
Hovudscenen



Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket







Utan deg er eg ingen ting



AV ANDREAS SLETTOLM

Dei veit det, alle saman. Dei har sunge det til oss. David Bowie. Sammy Davis junior. Det britiske rockebandet Placebo. Til og med Fleetwood Mac har vore inne på det, og dei burde vite det betre enn dei fleste, ettersom bandmedlemmene gifta og skilde seg ustansleg:

”Without You I’m Nothing”. Utan deg/dykk – på engelsk kan ein aldri vite heilt sikkert – er eg ingen ting.


Slik er menneska. Ein i sitt grunnleggjande vesen sosial art. Vi får meining, språk og verdi i livet vårt gjennom å bli sedde, få anerkjenning frå og snakke med andre menneske. Vi står på akslene til kvarandre når vi prøver å sjå lenger. Vi navigerer våre etiske kompass etter det vi vil andre skal gjere mot oss.

Vi har innretta oss slik omtrent sidan vi steig opp frå havet. Menneske har alltid gått i flokk, anten vi har levd som jegerar, industriarbeidarar eller journalistar. Kanskje er det trong til å vere saman som utgjer det viktigaste kjenneteiknet ved vår eksistens: Vi klarer oss ikkje åleine.

Men trass i all denne sosialiteten, enten det heiter ”leike med naboen” når vi er barn, ”henge på senteret” når vi er ungdommar, ”ta ein øl med kompisane” når vi blir litt eldre, ”dra på dykketur” når vi kjem i 40-årskrisa eller ”ete middag på eldre-senteret” i alderdommen; trass i all denne sosialiteten, er det éin sosial konstallasjon vi trår etter og set over alt anna.

Tosemda. Parforholdet. ”You” i eintal. >>





>> Denne ganske avgrensa forma for sosial omgang er utan tvil den vanskelegaste. All erfaring heilt frå vi begynte å tru på den romantiske kjærleiken for 2-300 år sidan, tilseier at parforhold er sosial ekstremспорт. For det går jo gale, gong etter gong etter gong. Forhold ryk. Kjærleiken viser seg å vere veikare enn stoltheit, vonbrot, avundsjuke eller forakt. Av dei meir fascinerande draga ved oss menneske er at vi baksnakkar, græt over og enkelte gonger regelrett hatar dei vi berre veker før har elska. >>

KVA ER KJÆRLEIK FOR DEG?

Kjærleik er
eit eggegglas
med vatn


Teodor Janson

>> Reint statistisk er det liten vits i å satse på tosemnda som levemåte. I alle fall ikkje dersom ein trur det skal vare ei stund. Rundt halvparten av alle ekteskap sprekk, og enda fleire sambuarskap. I tillegg blir kjærleiksforhold avslutta kvar einaste dag på dei mest hjarteskjerande måtar blant dei rundt 40 prosent av Oslo-borgarane som opptrer i den noko negativt ladde kategorien "einslege" hos statistikkbyråa. Og skulle det vare livet ut, har ein rundt femti prosent sjanse for å hamne i den ulykksalige situasjonen at partneren din rett og slett døyr frå deg.

Likevel er vi altså på endelaus jakt etter det eine mennesket som vi skal bli hjelpe-lause utan. Vi leitar kor det skal vere. På arbeidsplassen, på studiestaden, i gravferder, på byen. Vi lèt venner setje oss opp på datar med personar vi aldri har møtt før. Ikkje minst nyttar vi verdsveven – sjekenettstadene har anslagsvis 50 000 medlemmer berre frå Oslo. Det er mest ein tredjedel av alle som er "einslege" i Oslo. Det er fascinerande at vi ikkje gir opp. Men ønsket om å dele livet vårt med éin utvald partner ser ut til å vere planta djupt inne i sjela på dei aller, aller fleste av oss.

Det er derfor vi gjer dei tåpelegaste ting. Sjølv har eg drege på hytteturar med folk eg knapt kjenner. Meldt meg frivillig som pianist i korforeiningar. Kjeda meg på merkelege kunstutstillingar. Drege på førellesingar på universitetet. Alt for å finne henne. "You". I eintal. >>







A photograph of a woman in a blue tutu and a man in a blue jacket and cap on a stage. The woman is on the left, looking towards the man on the right. The man is sitting on a white cushion and pointing towards the woman. The background is dark with some stage lights.

KVA ER KJÆRLEIK FOR DEG?

Kjærleik er ei menneskeleg kjensle, vanlegvis retta mot eit anna menneske. Kjærleik er å vere glad i nokon. Mange vil seie at kjærleik er irrasjonell av natur, og difor vanskeleg å definere.

... seier dei på Wikipedia.

Kjærleik er like mykje knytta til melankoli som til lykke, det er svart og kvitt, det er ein måte å leite etter meining i det store på. Verda er urgamal og tida vår her er kort, og difor kan det være fint å prøve å ha eit lite skråblikk på seg sjølv undervegs. Eg legg til, også på eiga reikning; brunost-skivar med syltetøy og sumar på Vestlandet!

Jon Bleiklie Devik



>> Og trass i alle vonbrot: Eg har enno til gode å møte nokon som har angra på at dei har elska nokon, jamvel om det har enda med forferding. Veker, månader og somme gonger år med vondt i magen, tomheit og einsame ettermiddagar. Men vi reiser oss igjen, til slutt. Børstar støvet av kledda, rettar oss opp i ryggen og går vidare.

Vi aksepterer nemlig spelereglane. Når vi først ønskjer altoppslukande kjærleik frå eitt anna menneske resten av livet, innser vi at faren for å mislykkast definitivt er der. At ein før eller sidan endar

opp "without you", og dermed endar opp med å vere "nothing". Vi skjønner jo at det ikkje alltid kan vere lett å elske oss grenselaust. Når ein er kverulantisk i diskusjonar om småting, for eksempel. Eller når ein ventar at partneren skal forstå kva for behov ein har utan at ein treng å seie det. Når ein prioriterer venner eller jobb framfor partneren utan at det strengt teke var nødvendig.

Alt i alt er det eigentleg underleg at ikkje fleire forhold går i vasken. Det logiske, når ein tek omsyn til all nedrig menneskeleg oppførsel, er vel at alle



KVA ER KJÆRLEIK FOR DEG?

Eg innrømmer det lett;
Eg er og blir ein romantikar!
Den siste prinsen trur eg
blir verande, for eg har uhell
i spel...

Silje Haugan

forhold burde ta slutt, og det mykje raskare enn dei *gjer i dag. Men logikk og kjærleik går sjeldan hand i hand, heldigvis.

Det er derfor vi gyngar hovuda våre i takt med musikken, når David Bowie syng "without you I'm nothing". Sjølv om det ikkje er sant. Det er jo ikkje det. Det berre kjennest slik. Når ein sit der i parken og ikkje vil noko anna enn framleis å liggje i fanget på kjærasten. Det kan gleppe ut av deg, når den du elsker imponerer deg med omtanke, intelligens eller støtte når du sårt treng det. Utan deg, er eg

ingen ting, kan du tenkje, når du ser kroppen hans eller hennar på flyplassen etter at de har vore borte frå kvarandre.

Så vi treng kanskje ikkje formanande ord om at parforhold flest raknar til slutt. Om at nokre rotnar, andre tørkar ut, nokre blir kvesta spontant på grunn eitt enkelt feilsteg. Om at "without you I'm nothing" ikkje eigentleg kan vere sant.

For nokre forhold lykkast.

Til nynorsk ved Arne Torp





KVA ER KJÆRLEIK FOR DEG?

-Å dele ein rull *Smil*
i skiheisen med dei
du er mest glad i.

Heidi Gjermundsen Broch



BIOGRAFI

JOE DIPIETRO

Forfattere, Joe DiPietro, blei fødd i 1961 og har skrivt fleire teaterstykkje og musikalar. Den musikalske komedien *I Love You, You're Perfect, Now Change* med musikk av Jimmy Roberts er ein av Off-Broadway-musikalane som har stått lengst på plakaten. Stykket hadde premiere på West-side Theatre i 1996, og sto på speleplanen i 12 år (!), før det blei teke av plakaten etter over 5000 framsyningar. Musikalen er omsett til 22 språk og er spela med stor suksess i mellom anna i England, Kina, Taiwan, Finland, Tyrkia, Ungarn, Tyskland, Israel og Brasil. Joe DiPietro, som har ei lang merittliste av musikalar og teaterstykkje bak seg. Han har mellom anna skrivt teksten til *The Toxic Avenger* (2008) og *Memphis* (2003), begge med musikk av David Bryan, og *The Thing About Men* (2003) med musikk av Jimmy Roberts, samt teaterstykkja *Over The River And Through The Woods* (1994) og *The Last Romance* (2008), for å nemne nokre.

JIMMY ROBERTS

Jimmy Roberts er musikalkomponist, pianist og entertainer. I tillegg til *I Love You, You're Perfect, Now Change* (1996), har han òg arbeidd saman med Joe DiPietro om musikalen *The Thing About Men* (2003), ein musikalversjon av den tyske filmen *Männer* av filmregissøren Doris Dörrie frå 1985. Han har komponert musikken til barnemusikalen *The Velveteen Rabbit* (1986), og til Broadway-revyane *My Name is Still Alice* og *Pets!*. Mange amerikanarar kjenner Roberts som underhaldande og morosam pianist, han blir karakterisert som den fødte entertainer og elsker å dele lite kjende fakta om dei store komponistane med publikum i dei musikalske programma sine der han lar komponistar frå ulike musikalske epokar møte kvarandre på heilt uventa vis; Bach og Sondheim, Vivaldi og The Beatles, Beethoven, Irving Berlin og Rachmaninoff, Noel Coward og George Gershwin.

KVA ER KJÆRLEIK FOR DEG?



Nett no er kjærleik: Skodespelarar som sveittar på scenen. Vålerenga fotball og å bruke to og eit halvt år på å pønske ut verdas mest romantiske frieri... for så å spolere det heile, ei grunnleggjande morgonstund i ei skitten leilegheit rundt ei vaskebøtte...

Jostein Kirkeby-Garstad





KVA ER KJÆRLEIK FOR DEG?

Kjærleik for meg er når
dei nydelege tantebarna
mine lyser opp av glede
når eg kjem på besøk og
gret når eg må dra.

Gry Espenes

Ho er mi sjel, ho er mi rose
Ho er mitt liv, ho er mitt sinn
Og for tida berre min
Og beviset:
Til alle som tvilar, graset
er grønare på den andre sida.

Erlend Stamnes

*Samstemt går de
hånd i hånd
to sjeler med usynlig bånd,
og håper de kan eldes sånn.*

Heidi Ruud Ellingsen







Depotbiblioteket

Eg elsker deg, du er heilt
perfekt, men burde du



11G081158



det norske teatret

